


# KYRKJEKONTAKTEN

NR.1 — 2025 · 50. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM

Side 4:  
**No skin kyrkja  
på Seim**



# Feirar bygda i ei heil veke

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

**Alversund-folket slår ut håret siste veka i mai. Då er det igjen klart for festival. Det kryr av aktivitetar og kulturtildob under den tradisjonsrike mönstringa, som det vart blåse liv att i for to år sidan. Kyrkja og kyrkjelydshuset har som vanleg ein sentral plass under Alversunddagane.**

Den indre farleia går tvers gjennom bygda, og har vore ein viktig føresetnad for eksistens i desse bygdene gjennom fleire tusen år. Det moderne Alversund kan skilta med dei tre største bustadområda i Alver kommune; Hilland, Alvermarka og Ikenberget med til saman 850 husstandar.

- Me håpar mange vil vera med på aktivitetstilbod og på den måten gjera seg betre kjend med den fine bygda vår og dei attraksjonane og aktivitetane me har å by på, seier Inge Alver og Kåre Jordal i arrangementskomiteen.

## Kyrkje sidan 1100-talet

Alversundbygda har hatt kyrkje heilt frå 1100-talet. Ho ligg sentralt i bygda og er godt synleg frå både sjø og land. Noverande kyrkje stod ferdig i 1879 og nærmar seg 150 år.

Fra første stund har dugnad vore viktig både innvendig og utvendig. Først i 1919 kom det orgel på plass etter fleire år med innsamling. Same året kom dei fine farga blyglasvindauga på plass.

At bygda framleis set pris på kyrkja og vil ha ho i god stand, såg me i 2014 då heile kyrkja vart måla utvendig på dugnad, seier Kåre Jordal.

Under pandemien vart kyrkja mellom anna pynta opp med ny golvløpar og maling av golv og benkar på dugnad. Det store prosjektet i 2025 er innsatsen for å skaffa kyrkja eit nytt klaver.

Alversund kyrkjelydshus har 25-årsjubileum i år. Ei stifting stod for oppføring av huset, og drifta er i stor grad basert på dugnad. Kyrkjelydshuset er eit populært samlingspunkt i bygda.

## Bjarte med barnekor

Under festivalen i fjor var mange arrangement og utstillingar lagt til kyrkja og kyrkjelydshuset i Alversund. Også i år skjer det mykje her. Ordførar Sara Hamre Sekkingstad står for opninga av Alversunddagane i kyrkja mandag 26. mai kl. 18.00, etterfølgd av gudsteneste med alversundingen Hans Kenneth Sundsbø som prest. Her deltar også barnekoret



I fjor underheldt Bjarte Leithaug på cruise med gamledampen gjennom vakre Alverstraumen. I år skal Leithaug ha konsert med dei to barnekora med base i kyrkjelydshuset. Det vert også ny tur med DS Oster.

Sing Out og ei gruppe frå Alversund musikklag. Etterpå er det duka for kyrkjekaffi i kyrkjelydshuset.

Du kan også oppleve begge dei flotte barnekora, Sing Out og Sing Singeling saman med Bjarte Leithaug i kyrkja eller kyrkjelydshuset 31. mai. I kyrkja blir det også felles konsert med Radøy Brass og Rune Alver på klaver. For den som er strikkeglad er strikkekafeen i kyrkjelydshuset ein kjekk møtestad i løpet av mёнstringa.

## Ut på tur

For dei turglade har Alversunddagane som vanleg ein god del å by på. Det vert familietur frå Galteråsen og Alversund kyrkjelydshus til Tveitavarden, i samarbeid mellom Barnas Turlag og Alversund-speidarane, som lagar til aktivitetar underveis. Her vert det markering av ny merking av turløyper søndag 1. juni.

Dørstokkmila inviterer til tur i området Alverstraumen-Fjellsende-Vetås, med både kort og lang variant.

Startskotet for Alversunddagane går alt lørdag 24. mai, med opning av fleire kunstutstillingar i kunst- og kultursenteret på gamle Alversund skule. Her kan du oppleve arbeid av skulptøren Jon Audun Hauge og malaren Inger-Marit

Saastad, og Stranda-malarane sine verk.

Og det blir meir kunst å glede seg over. Hilde Marøy har maleriutstilling i Garveriet i Isdalstø. Annfrid Leikvoll opnar utstilling i Kleivdalhuset. Her blir det også sommarkonsert med Magnus Blom, klaver og Rebekka Eikefet, cello.

Det vert også poesikveld med Linda Fosse i ungdomshuset.

#### **“Bli kjend med bygda vår”**

Alversunddagane har også i år eit flott «Bli kjend med bygda vår»-tilbod til barneskuleklassar i Alversund.

- Me synest det er svært viktig at dei unge får eit best mogleg innblikk i attraksjonar og historia i bygdene våre, seier Kåre Jordal og Inge Alver. I år vert det sett fokus på mellom anna den gamle kjeksfabrikken, historiske Kvamsvågen og historia til kyrkja og helselagshuset. På bygdepub på Alver hotell kan du få høyra historia om korleis Alvermarka vart til.

Det er gode grunnar til å få med seg Dag Steinfeld sitt føredrag i det nyrestaurerte garveribygningen Tonæ i Kvamsvågen 27. mai; *“Fedre og sønner gjennom krig og fred i Alversund og Bergen”*.

På foredraget om garveriverksemda i Alversund i fjor kom det 120 tilhørarar, og med denne foredragshaldaren reknar arrangørane med endå fleire i år. Om nødvendig køyrer han ekstraforestilling, og det vert transport med Veteranbussklubben til og frå. Veteranvogn-turar, fenderfletting og andre aktivitetar står òg på programmet under Alversunddagane.



Inge Alver og Kåre Jordal inviterer til Alversunddagane siste veka i mai. Her med kyrkja og kyrkjelydshuset i bakgrunnen, der ein del av arrangementa skal skje.

For dei som vil sjå Alverstraumen og Alversund-bygdene frå sjøsida vert det også ei råd. Gamledampen, DS Oster, legg turen gjennom den indre farleia, med både musikk og reker om bord.

#### **«Visst skal våren komme»**

Alversund kammerkor med solistar og ensemble set eit flott punktum for Alversunddagane med musicalen «Visst skal våren komme».

## **Trekningsliste basar for Alversund kyrkjelydshus 15. febr. 2025**

Sykkel, junior - Johanne Kartveit. Pledd - Bente Lillian Sundsbø. Dobbelt vaffeljern - Oldemor. SodaStream - Maria Hauge Vedå. Gavekort hjå Gabben - Therese Hystad Aakre. Dobbelt sengesett - Tone Mongstad Drivenes. Dagturekk - Åshild Kleppestø Klokk. Pizzastein - Aud Irene Kristoffersen. Ein sekk med ved - Ingrid Midtgård. Pledd - Norah Sophie Dale. Fjernstyrt bil - Fam. Bergliot Stensvåg. Dokke med utstyr - Kevin Andre Knutsen. Strikka ullgensar - Inger Karin Vågstøl Haugland. Strikka bomullsgenser - Grete Fosse. Gåvekort hjå Dekkhuset - Karete Heggernes. Ull-sett - Karen Signe Zimmermann. Strikka votter og sokker, Selbu - Marcus Hjertvik. Fotball - Mona Svanevik Ekanger. Alver Hotel, middag for 2 - Nora Hansen. Hengekøye - Alvild Kårbø. Barnegenser - Bjørg Sveinall Øgaard. Damegenser, kortarm - Gudbjørg Clementsen. Knivsett - Bjørg Kvamme. Brødrister - Marit Holmås. Barnegenser - Selma Børteit. Barnegenser - Anna Blomberg. Konsert i Bøkeskogen, 2 billetter - Rakel og Øystein Valle.

**Seimstrand as**  
5912 SEIM - tlf. 56 35 79 00 - fax 56 35 79 15

**Nordhordland Elektro**  
Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø  
Tlf.: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no  
elektrikerkjeden  
norgeseliten

**REMA 1000**

**Specsavers®**  
**OPTIKER I KNARVIK**  
*-Bestill synsprøve nå!*  
**RING 56 35 14 66**

# Seimskyrkja i ny glans

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahls

Alle skryt av kor fin kyrkja på Seim er blitt etter malings- og renoveringsarbeidet i fjor.

– Det er ein frys å sjå ut vindaugen kvar morgon. Kyrkja trenge verkeleg ei sjaining, og no framstår ho nærmast som ny, seier Terje Hopland. Han og kona Olaug Rykkje Hopland bur like ovanfor den flott plasserte kyrkja frå 1878.

Det er eit omfattande arbeid som er utført. Mest synleg er naturlegvis målararbeidet, men i tillegg er alle vindaugea restaurerte, mur er blitt reparert og slemma, taket er vaska og impregnert, rote material er bytt ut, og det er kome ny kopar på kyrkjespiret.

– Kanskje den flottaste detaljen er spiret, som er belagt med ny kopar. Og så er pynten på toppen av spiret også fiksa, seier Terje.

## Bygdefolket er glad i kyrkja

Kona Olaug er også begeistra for resultatet av oppussinga.

– Då stillaset og presenninga vart pakka ned på ettersommaren i fjor, kommenterte alle forbipasserande kor flott kyrkja var blitt. Det viser tydeleg kor glad bygdefolket er i kyrkja si, seier ho.

Olaug er med i kyrkjelydsutvalet for Seim kyrkje, og i fjor malte like godt ho og Terje heile Borgstova, som ligg like ved kyrkja.

– Det er gjort dugnad her ved kyrkja også, mellom anna maling av gjerdet rundt kyrkja, men det var ikkje vi med på, smett Terje inn.

## Hordabø neste kyrkje ut

Den totale kostnaden med oppussinga landa på 2,2 millionar kroner. Arbeida er utført av Byggteam Vest, Blikk og Murforretning og Malerfirma Monsen. Det einaste som gjenstår, er maling av dørene og litt på gjerdet rundt kyrkja.

Ifølgje driftsleiar for bygg og gravplass i Alver kyrkjelege fellesråd, John Henanger, er Seim kyrkje den sjuande kyrkja som er blitt restaurert i kommunen sidan 2021.

Desse kyrkjene er pussa opp: Meland, Lygra, Lindås, Ostereidet, Hjelmås, Sæbø og no altså Seim kyrkje.

Neste kyrkje ut er Hordabø.

– Der kjem stillaset på plass i starten av april i år. Og jobben skal vere unna gjort til august, opplyser Henanger.



TILFREDSE: – Kyrkja framstår nesten som ny, seier ekteparet Olaug og Terje Hopland.




NY KOPAR: Spiret og dei fire hjørna er belagt med ny kopar. (Foto: Terje Hopland)



# Barnas



**LABYRINT**  
Hjelp Maria å finne vegen til grava.



**FARGELEGG** biletet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døydde og stod opp att.



Teikning: Chiara Bertelli

## Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

לְכָל כַּפֵּן נִזְנִים

בְּרִית מֹשֶׁה

### Vitsar:

– Du luktar så godt i dag.  
Kva har du teke på deg?  
– Reine sokkar.

Det mystiske agentalfabetet:

א	ב	ג	ד	ה	ו	ז	ח	ט	י	ע	ל	מ	נ
פ	ר	ס	ת	ו	ב	מ	ח	ל	ע	צ	ע	א	א



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



Har du høyrt om han som sov så tungt at senga knekte?

# Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Cathrine Grutle

Med seks spørsmål på blokka har jeg invitert meg hjem til Else Liv Hagesæther for å få et glimt av hvordan hun har det i kirkebenken.

Når jeg spør hvor lenge hun har vært aktiv i menigheten, så svarer hun smilende: Jeg har egentlig gått på møte eller gudstjeneste hele livet, det er en del av livsrytmen. Nå har jeg fått lande i Knarvik menighet, og det er veldig godt. Dette er min menighet.

Jeg har sittet mye alene i kirkebenker, men nå er jeg veldig glad for at jeg kan sitte i kirkebenken sammen med Ole.

– Hva er det du setter mest pris på ved menigheten vår?

– Akkurat nå er det deilig å kjenne at jeg får lov til å være den jeg er. Etterhvert som jeg har blitt eldre har også kreftene minket. Nå kan jeg ikke være like aktiv som jeg har vært tidligere. Nå opplever jeg at jeg har fått en annen oppgave. Bønnens oppgave. Hver morgen bruker Ole og jeg lang tid i bønn. Svigerfar hadde et sånt nydelig uttrykk, og han kalte det for «kyrkjebenkens nådegave». Jeg kan ikke lenger gjøre så mye, men jeg kan be, og det er en meningsfull oppgave.

– I Knarvik har vi en ganske ny kirke, hva synes du om den?

– Kirka vår er fantastisk å komme inn i. Jeg er utrolig takknemlig for kirkerommet som stemmer til andakt og høytid. Altertavlen er som en preken i seg selv, uavhengig av hva presten snakker om. Hver eneste søndag må jeg lete frem de fem røde glassbitene. For meg er de bildet på Jesu fem sår på korset, så takker jeg for det Jesus gjorde for oss.

– Nå har du vært en del av menigheten i mange år. Hvordan vil du skildre den?

– Else Liv tenker seg om før hun sier: Jeg skulle gjerne sett at flere fra mellomsjiktet kommer på gudstjenestene våre. De unge voksne og småbarnsfamiliene. Jeg savner dem. Det er ikke noe som er enestående for vår menighet, men det er en utfordring for oss. De som kommer etter oss, må også få inn den gode rytmen med å gå på gudstjeneste på søndag.

Så er jeg opptatt av at alle må kjenne seg velkomne når de



kommer til kirka. Og der er kirkekaffen en viktig arena.

– Kjennetegnet på en god kirkekaffe er at vi klarer å romme alle mennesker. På en god kirkekaffe har jeg blitt litt bedre kjent med et annet menneske. Det er ikke sikkert alle klarer å sette seg ned ved et bord til å begynne med, men de kan stå med en kaffekopp i hånden så lenge noen prater med dem. Hva om vi fikk oss noen høye runde bord som vi kunne stå rundt? Det tror jeg hadde gjort det litt lettere for folk å stoppe opp.

– Til sist spør jeg om hvilken salme Else Liv gjerne synger på nå om dagen.

– Jeg er veldig glad i salmer, men jeg kan ikke synge lenger, og det er veldig frustrerende. Men i stedet for å synge så leser Ole og jeg en salme hver morgen. Akkurat nå leser vi «Jesus styr du mine tanker». Det er en god avslutning på bønnestunden vår.

Favorittsalmen er «Jeg tror på jordens forvandling». Den har både Else Liv og Ole bestemt at skal være med i begravelserne deres. Det er fint å kunne planlegge, men vi er mange som håper det er lenge til den dagen kommer.

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver**

**Vi utfører:**

- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk •
- Automatisering •
- Godkjent for kontroll av el. anlegg

Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / [www.torsvik.no](http://www.torsvik.no) / [post@torsvik.no](mailto:post@torsvik.no)  
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG

**Torsvik ELEKTRO**

**ByggTeam VEST AS** 

Alt innan tømrarfaget!

# «Lys, lys levende» – påskemusikalen på Ostereidet og Lindås!

Tekst: Turid B. Hølleland

Foto: Arthur Kleiveland og Anders Eidsnes

**Vinteren er over, og koret Te Deum og Ostereidet Soul Kids frå Ostereidet drar i gang vårens oppleving for liten og stor. Den store og viktige fortellinga om død som blir til liv – slik våren vaknar etter frost og død. Det heile finn stad 4.-5 april i kyrkjene på Ostereidet og Lindås. Og jamvel ei framsyning i Masfjorden. På Lindås har dei med seg barnekoret NONSTOP med som gjestar på nokre songar.**

Det er song, skodespel og dans, med born, ungdomar, vaksne og veldig vaksne folk . Her er fargar, nydelege kulissar og artige kostymar!

Me vert invitert til dramaet som skjedde for litt over to tusen år sidan:

Det er påske, alle reiser til tempelet i Jerusalem med song og dans. Me møter Jesus som rir inn til Jerusalem med jublende menneske rundt seg . Men det vert bråk, og Jesus får mange fiendar. På torsdagskvelden samlar han dei nærmaste venene sine til kjærleiksmåltid.

Jesus vert tatt til fange om natta, vert svikta, vert dømt til å døy. Han må bere korset til staden der han til slutt dør - på ordentleg. Men det hadde vorte profetert at døden skulle overvinnast. Og akkurat det skjer - Jesus vart «lys, lys levende»!

Kyrkja har hatt mysterespill, eller påskespill, i mange, mange hundre år. Te Deum og Ostereidet Soul Kids framførte deler av musikalen for første gong i 2016. I fjar framførte dei han på nytt, og i år utvidar dei med meir drama, og fleire kyrkjer får i år oppleve denne flotte framsyninga!

Kora har øvd sidan jul, og dei har fellesøvingar og til slutt sett av ein heil laurdag for å øve og vera i saman. Store og små kulissar og rekvisittar må lagast, settast opp og takast ned att – og opp igjen i ei annan kyrkje. Store og små detaljar er på plass. Musikalen er felles innsats med stor glede og engasjement!

Alle er hjartelag velkomne.

I musikalsk glede og håp – og til å vera saman!



## «Lys, lys levende»

– et påskespill av Jon Kleveland, Tore Thomassen, Jan Gossner og Randulf Roaldsnes. Musikalen blei første gang framført i Kristiansand Frikirke i 2009.

Framført av kora Te Deum og Ostereidet Soul Kids.

Ostereidet kyrkje fredag 4. april kl. 18.00

Lindås kyrkje laurdag 5. april kl. 16:00 – Gjester: NONSTOP

Sandnes kyrkje søndag 6. april kl. 16.00

Gratis inngang, kollekt ved utgangen.

**EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE**

**HELLAND ELEKTRO AS**

**Torhusmyrane 6**  
**Nordhordland Næringspark**  
**5913 Eikangeråvåg**

Tlf: 56 34 24 30  
E-post: post@helland-elektro.no  
www.helland-elektro.no  
Foretakregisteret: NO 986 751 718 MVA

**SIKRINGEN**  
- din elektriker



# Fasteaksjonen

## Håp i ein drope vatn

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Reint vgn er blitt varemerket til Kirkens Nødhjelp. For vgn er avgjerande for mange sider av livet: helse, utdanning, arbeid, matproduksjon, tryggleik, likestilling, verdigheit, fred.

Reint vgn har ringverknader på mange område:

- Helse – kroppen treng vgn, og reint vgn hjelper oss å unngå sjukdomar.
- Utdanning – gå på skule i staden for å bruken dagen til å gå langt for å henta vgn til familien. Dette gjeld i særleg grad jenter.
- Arbeid – vgn gjev arbeidsplassar, t.d. i jordbruksfabrikkar
- Matproduksjon – naturen er avhengig av vgn for å gje oss mat.
- Tryggleik – når reint vgn vert tilgjengeleg i landsbyen, slepp ein å gå langt gjennom område med uvisse og trugsmål. Dette gjeld særleg for kvinner og born.
- Likestilling – mange stader er det forventa at jenter og kvinner skal skaffa vgn til familien. Når dei må bruken mykje tid til å henta vgn, går samfunnet glipp av ressursane deira.
- Verdigheit – alle menneske har rett til reint vgn utan å stilla bak i køen.

- Fred – når vassressursane er knappe, oppstår det kamp om vatnet. Difor er tilgang til vgn også fredsarbeid.

«Safe drinking water» heiter det gjerne på engelsk. For vgn skal både vera trygt og kjennast trygt.

### Ein drope om gongen

Angola, Malawi og Tanzania er nokre av dei landa der Kirkens Nødhjelp hjelper småbrukarar til å få effektive vatningssystem.

Systemet er enkelt og effektivt: Ein perforert slang går ut frå eit stort kar med vgn. Slangen har eitt hol for kvar plante slik at vatnet kjem der planten står.

I tørre område sparer ein mykje vgn med dette utstyret. For viss ein åker vert «dusja» over alt, vil mykje vgn koma der det ikkje vert utnytta, og vil oftast fordampa. Men når kvar plante får éin drope om gongen, kan planten ta opp vatnet og nyutta det maksimalt.

Når Kirkens Nødhjelp skaffar ein startpakke for slik vatning, betaler bonden rundt 100 kr. Saman med utstyret får bøndene rådgjeving og oppfølging for å sikra at det fungerer.

I desse områda av Afrika kan dei hausta avlingar tre gonger i året, og dei har ofte tent inn att investeringa etter 3-4 månader.

### **Småbønder gjev kortreist mat**

Det gjev håp å sjå at plantane veks, at det nyttar. Småbønder får arbeid, og det gjev verdigheit når ein opplever at ein kan dyrka mat både til seg sjølv og andre.

Kirkens Nødhjelp sine lokale folk jobbar med å leggja til rettes for avsetnad på maten. For tilgang til marknaden er viktig for at så mange som råd er, får høve til å skaffa seg kortreist, sunn mat.

Dette er også klimavenleg. Dyrkingsmetoden og den korte transporten til lokal marknad medfører eit minimum av utslepp, og det reduserer talet på klimaflyktningar.



**Husker du  
at du puttet på  
den pengen  
i den bøssa  
og tenkte  
jaja en dråpe i havet  
så ble det plutselig  
en brønn**

Trygve Skaug

### **Innsamling, fasteaksjonen**

Osterfjorden sokn: Dør-til-dør-innsamling søndag 23. mars

Meland sokn: Aktivitetar med innsamling i Frekhaug senter laurdag 5. april

Lindås og Radøy sokn: Dør-til-dør-innsamling tysdag 8. april

Knarvik sokn: Digital innsamling

Besøk på døra eller ikkje – bruk gjerne Vipps til 2426 eller SMS – VANN til 2426

**Knarvik  
Blomsterstove**



**Kvassnesvegen 11 – 5914 Istdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)**

**NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR deg

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1      Havnevegen 31      Elvavegen 1  
Alversund            Frekhaug            Dalekvam

**VATNE**  
begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Istdalsbø

**vatne-byra.no**

## PRESTEN PÅ PRIVATEN

Eit puslete liv?  
Nei, langt ifrå!

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahls

**NAMN:** Ole Marton Ølberg  
**ALDER:** 42  
**JOBB:** Sokneprest i Lindås sokn  
**SIVILSTAND:** Gift med Hanne Zimmermann-Ølberg, sokneprest i Salhus  
**BARN:** Joel (8) og Emma (10)

PUSLEROMMET: Fokus og konsentrasjon er nøkkelen for å bli ein god puslespelar, fastslår Ole Marton Ølberg

**Dei som trur at puslespel er Ole Marton Ølbergs einaste hobby, tek grundig feil. Musikk, teikneseriar, brettspel, fotball og fjellturar står også høgt i kurs hjå 42-åringen.**

Soknepresten i Lindås sokn er neste person ut i serien Presten På Privaten.

Han er for lengst blitt lokal kjendis for sine lynraske trekk på puslebrettet, og han blir skuffa dersom han brukar meir enn éin time på å setja saman 500 brikker. To knallsterke 11. plassar i VM i puslespel talar sitt klare språk.

Men no skal vi la brikkene ligge i ro ei stund og gje rom for andre sysler som opptek Ole Marton, opprinnelig frå Oslo.

– Så kva brukar du fritida di på når du ser bort frå kvardagslege gjermål i heimen?

– Det er eigentleg så mangt. Eg er veldig glad i musikk, har stor sans for visse artistar innan ulike stilartar som hip hop, rock, soul og klassisk musikk. No for tida hører eg mykje på Franz Schubert og hans pianosonater. Til og frå jobb hører eg alltid på musikk i bilen – frå eigne spelelister.

– Då blir det vel roleg klavermusikk på veg til kontoret på Lindås?

– Nei, då går det mest i rockelåtar!

### Viking og Manchester United

Ole Marton og kona Hanne, som er sokneprest i Salhus, bur på Ikenberget og har ein gut på 8 og ei jente på 10. Borna er med i speidarane, dei syng i kvart sitt barnekor, i tillegg til at Joel spelar fotball medan Emma går på turn.

– Det er travelt for oss alle, men eg tar meg likevel tid til å spele fotball ein gong i veka innandørs i gymsalen på den gamle barneskulen i Knarvik. Vi er ein gjeng som kallar oss Knarvik herregymnastikk.

– Du er ikkje redd for idrettsskader då?

– Eg er konstant idrettsskada, svarar han med eit smil om munnen, og legg til:

– Tidlegare var eg aktiv fotballspelar, men no toler knea mine trening berre ein gong i veka. Hanne og eg tar det igjen med fjellturar rundt om i distriktet her.

42-åringen er også hjelpetrenar for Joel sitt lag i NBK. Og berre for å ha nemnt det: Ole Martons favorittlag er Viking og Manchester United. Dei følgjer han tett!

### Donald, Asterix og Sprint

– Andre interesser?

– Eg trur eg trygt kan kalle meg ein teikneserieentusiast. Opp gjennom åra har eg samla på mange forskjellige blad.

– Og favoritten er?

– Det er nok Donald Duck & Co. For ein del år sidan sto eg to timar i kø for å få signaturen til den kjende Donald-teiknaren Don Rosa frå USA under hans visitt i Bergen. Då eg kom ut frå Outland på Strandkaien, der Rosa signerte bøker, gjekk køen heilt opp til rådhuset. Eg vil påstå at det er få nolevande forfattarar i verda som hadde kunna framskaffe så lang kø.

Soknepresten har også samla på franske og belgiske teikneseriar, som klassikarane Asterix og Sprint. Og blada finn han i gjenbruksbutikkar. Han kjøper sjeldan nye blad.

– Interessa for fantasy-litteratur har også følgt meg opp gjennom åra. Det same med brettspel, eg er medlem i Nordhordland Brettspillklubb.

### Tett på Lofotkatedralen

Faren til Ole Marton var også prest. Det førte familien til Vågan kyrkje i Kabelvåg i Lofoten då han berre var tre år gammal. Vågan kyrkje er betre kjent som Lofotkatedralen, og familien budde rett over vegen frå kyrkja i 11 år.



FULLE HYLLER: – Kva skal eg pusle i dag? Utvalet er stort!

Vegen vidare er kort fortalt fire år i Bodø, deretter studier ved Misjonshøyskolen i Stavanger, vel fire år som vernepliktig og prest i forsvaret ulike stader i landet, eit kort vikariat i Fyllingsdalen, før han vart fast tilsett som sokneprest på Lindås hausten 2015.

– Litt av eit nomadeliv?

– Ja, men inspirerande og kjekt alt saman. Fatteren og mutteren drog forresten til sjømannskyrkja i Singapore like etter at vi borna hadde flytta ut. Eg hugsar eg var litt skuffa over at dei ikkje reiste før, slik at eg kunne vere med dei dit.

### Historier til refleksjon

Ole Marton er leiar i kulturgruppa i Alver kyrkjelag fellesråd og er kjent for sine artige og underfundige innslag på fellessamlingar for dei tilsette.

– Kollegaene dine peikar på at du alltid er i godt humør. Er humor noko du bruker bevisst i prestegjerninga di også?

– Eg hindrar det i alle fall ikkje. Og det hender at eg bruker historier frå eige liv, eller frå ulike interessefelt, eller noko eg finn morosamt, som inngang på eit tema som kanskje i utgangspunktet er krevjande å forstå. Forhåpentleg kan noko av det skape refleksjon og ettertanke.

– Tilbake til puslinga di, kor tid er neste meisterskap?

– Det blir NM på Karmøy i slutten av mars, VM i Spania i september får eg dessverre ikkje med meg i år.

Avsluttar Ole Marton Ølberg, som slett ikkje lever eit puslete liv, snarare tvert om!



# Håp i ein drope vatn

Av Gunnar Kartveit

Ein konfirmant hadde gått frå dør til dør med fastebøsse. Han vart - som konfirmantar flest - godt motteken. Men med eitt unntak. «For», sa han, «me hadde med ein brosjyre der det stod: «Me fann deg ikkje heime.» Men me skulle også hatt ein brosjyre som sa: «Eg såg deg i vindauga.»

Konfirmantar og vaksne går med bøsser frå dør til dør, i all hovudsak 6.-8. april i år. Dette skjer landet rundt, og også dei fleste stader her hjå oss. Og folk er flinke til å gje til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.

Men kan ein drope vatn gje oss håp i 2025? Er det dét vi må nøya oss med? Det får no vera måte på måtehald!

Eit gamalt og velkjend ordtak seier at havet består av dropar. Difor er kvar krone som kjem på bøssene eller på Vipps, kvar for seg del av noko stort.

For dei pengane som kjem på fastebøssa, vert forvandla. Dei blir til vatn, dei blir til håp, dei blir til mat, dei blir til liv.

Håpet har to døtre, seier Augustin. Det er sinne og mot. Sinnnet seier: Dette finn eg meg ikkje i, eg vil ikkje ha det slik! Og motet seier: Dette vil eg endra!

Nesten 800 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. Det kan me ikkje finna oss i! Difor arrangerer Kirkens Nødhjelp fasteaksjon, og seier: Dette vil me endra! Reint vatn er ein del av å skapa fred og rettferd og å redda liv.

Verda er uroleg, og det er mangt som prøver å ta motet frå oss. Nettopp difor er handlingane våre no så viktige, handlingar som styrkjer og støttar byggjande arbeid. Og når vi legg pengar på bøssene, viser vi bøsseberarane at vi er med i kampen for det gode. For ein del av fasteaksjonen er å gje opplæring til dei unge om årsakene til fattigdom og urettferd, og at vi kan gjera noko med det.

Ordet faste vert gjerne brukt om å avstå frå mat eller noko anna. Og det kan vera bra. Og så inneber det gjerne

at me vender blikket innover, mot oss sjølve.

Men kristen faste har alltid blikket utover, mot andre. Der er det nok å ta tak i. Så då kan me trengja både sinne og mot. Og det nyttar i alle fall ikkje å gøyma seg bak gardina og la vera å opna opp når nokon kjem med ei bøsse. Berre sjå kva profeten Jesaja seier:

«Er dette den fasta eg har valt,  
ein dag då mennesket plagar seg sjølv  
bøyer hovudet som eit siv  
og legg seg i sekk og oske?  
Kallar du dette for faste

og ein dag etter Herrens vilje?

Nei, dette er fasta eg har valt:  
Å løysa urettferdige lenkjer,  
sprengja banda i åket  
setja undertrykte fri  
og å bryta kvart åk sund,  
å dela ditt brød med den svoltne  
og la hjelpelause og heimlause koma  
i hus.

Du skal sjå til den nakne og kle han,  
Du skal ikkje snu ryggen til dine eigne.

Jes, 58, 5-8

Dette er eldgamle ord. Men dei er dagsaktuelle!

## KULTURKALENDER

### 4.april

#### Ostereidet kyrkje kl. 18.00

Lys levende, ein påskemusikal. Framført av Ostereidet Soul Children og Te Deum. Kollekt

### 5.april

#### Lindås kyrkje kl. 16.00

Lys levende, ein påskemusikal. Framført av Ostereidet Soul Children og Te Deum. Gjestar: NONSTOP. Kollekt

### 6.april

#### Knarvik kyrkje kl. 19.00

Konsert "Ein Deutscher Requiem" av J. Brahms med Seim songkor, Alversund kammerkor  
Solistar - Lydia Hoen Tjore og Lasse Økland  
Piano - Øyvind Aase og Désiré Paulsen  
Pauker - Svein Fjermestad  
Opplesing - Håvard Giezendanner  
Dirigent - Arild Rohde

### 13.april

#### Hundvin kyrkje kl. 17.00

"PÅSKESANG, påskeevangeliet i ord og tonar" ved songfellesskapet Hatikva.

### 4.mai

#### Myking kyrkje kl. 18.00

Konsert "Dag for dag"  
Jon Martin Skauge m/ fleire

### 10. mai

#### Knarvik kyrkje kl. 18.00

Konsert med internasjonal klang:  
Ukrainsk, svensk, italiensk, polsk  
og norsk. Lise Herland, Kateryna Panukhnyk, Katarzyna Leikvoll,  
Alversund kammerkor, Frank Antoniazzi, Magnus Blom og Odd Leif Mjøs ønskjer velkommen til konsert!

### 24. mai - 1. juni

Alversunddagane med arrangement m.a. i Alversund kyrkje og Alversund kyrkjelydshus. Sjå annonse i lokalavisene.

### 1. juni

#### Alversund kyrkje kl. 19.00

«Visst skal våren komme.» Song- og korkveld med Alversund kammerkor.

### 15. juni

#### Manger kyrkje kl. 17.00



Radøy damekor - jubileumskonsern  
Koret feirar jubileum med utvalde songar frå dei siste 25 åra.  
William Kay er musikalsk ansvarleg.  
Han har med seg Martin Frantzen på slagverk og Morten Kleveland på bass.  
Spesielle gjestar: Koret sin tidlegare dirigent Jurate Norkuviene med damekoret sitt frå Litauen.

# Glimt sidan sist

Foto: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn, Nina Jenny Monstad, Bente Vetvik, Inger Fosse Dalland, Berit Øgaard, Bjørn Furukawa.



Knøttekoret feira 10-årsjubileum 12. januar. Knøttekoret song på gudstenesta, og alle følgde godt med då Tone Marit fortalte om Sakkeus som gjerne ville sjå Jesus.



Det var fullt hus og god stemning då Knøttekoret feira 10 år i festpynta kyrkjekjellar.



I februar var 8-åringane inviterte til tårnagenthelg. Fredag ettermiddag fekk dei vere med på mysteriekjakt i kyrkja, bibelfortelling, leik og moro, og dei deltok på gudstenesta søndag.



Helge Øgaard vart utnemnt til første æresmedlem i Alversund kammerkor på koret sitt årsmøte i februar. Helge har vore trufast medlem i koret heilt frå starten for 35 år sidan.



Bålbrønning og andre uteaktivitetar sto på programmet då konfirmantane var på leir på Dyrkolbotn leirskule i januar. (Foto: Nina Jenny Monstad.)

# Konfirmantar i leik og alvor

Tekst: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

## Konfirmantleir

I januar reiste konfirmantane i Knarvik sokn til Dyrkolbotn leirskule på konfirmantleir. Det var lite snø, men mykje godt humør! Konfirmantane fortsette på si vandring gjennom Kristuskransen, dei hadde kjekke aktivitetar, fekk nydeleg mat frå leirskulen, og vart betre kjende med kvarandre, seg sjølv og Gud. Det er hektisk å samla rundt 80 ungdomar på leir, men det er verdt innsatsen! Det var ei god helg, som har sett gode spor.

## Sorgseminar

Det har no vorte ein tradisjon at konfirmantane i Knarvik sokn har «Sorgseminar». På sorgseminaret går me inn i nattperla i Kristuskransen, og snakkar om tap, sorg, død og gravferd/bisetjing. Me er så heldige at gravferdsbyråa i Nordhordland, Dahls|Vatne og Nordhordland



F.v. Lea Villanger og Marita Haukeland frå Nordhordland begravelsesbyrå, Henriette Serene Hopsdal frå Dahls|Vatne begravelsesbyrå, og spesialprest for barn og unge i Knarvik sokn, Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn.

begravelsesbyrå, stiller opp og er med for å fortelja om jobben sin. Dette er ein fin, verdig og interessant måte å snakka med konfirmantane om noko som er ein naturleg del av livet, men som kan vera tøft og vondt.

Takk til gravferdsbyråa for at dei stiller opp!

## Slekters gang

### Knarvik

#### Døypte

- 30.10.24 Ida Marie Isdal Nesse  
03.11.24 Lea Lunde-Strand  
03.11.24 Olav Veland Hammersland  
25.12.24 Vetle Jørgen Fosse Mjanger  
05.01.25 Vilde Sæle Andreassen

#### Døde

- 06.11.24 Ine Dyngeland f. 1968  
08.11.24 Kåre Jens Mestad f. 1937  
19.11.24 Åge Palmesen f. 1951  
21.11.24 Kirsten Margrete Idsø f. 1948  
01.11.24 Liv Eikanger f. 1942  
08.12.24 Laurence Johanne Kopperdal f. 1928  
08.12.24 Lise Benedicte Synnevåg f. 1971  
20.12.24 John Meidell Bratten f. 1935

### Alversund

#### Døypte

- 27.10.24 Mathilde Åsebø Legernes  
27.10.24 Hennie Danielsen Smestad  
26.01.25 Maja Tuft  
26.01.25 Dennis Køhne Wallem  
26.01.25 Felix Kuhnle

#### Døde

- 16.10.24 Jan Tore Bauge f. 1969  
19.10.24 Liv Vigdis Hordvik f. 1946  
24.10.24 Grethe Wallem f. 1957  
27.10.24 Grethe Berge f. 1964  
13.11.24 Ingrid Lilleskare f. 1940  
04.12.24 Elin Tangen Sylta f. 1947  
06.12.24 Kjartan Lilleskare f. 1950  
18.12.24 Astrid Alver f. 1939  
20.12.24 Per Helge Lerøen f. 1953  
30.12.24 Henry Fosse f. 1930  
16.01.25 Sigrun Bauge f. 1969  
18.01.25 Sigrun Margrethe Gunderson f. 1944  
27.01.25 Tor Tjore f. 1962

### Seim

#### Døypte

- 10.11.24 Maria Mirabella Eriksen  
10.11.24 Phillip Gullmark Thorsen  
08.12.24 Johan Særheim Skotsund  
09.02.25 Oline Tveite Nesse

#### Døde

- 21.10.24 Tordis Sofia Seim f. 1938  
11.11.24 Marit Romarheim f. 1946  
22.12.24 Inga Eitrheim f. 1957  
02.01.25 Lars Opheim f. 1932  
12.01.25 Erling Skare f. 1951  
14.01.25 Hege Regine Vatnøy f. 1971  
18.01.25 Magnhild Marie Haugen f. 1933

# Tankestrek

Av Cathrine Grutle

Nå laver snøen ned utenfor kontorvinduet mitt.

Store hvite filler legger seg som et mykt teppe som ingen har satt føttene sine på.

Snart kommer barna løpende fra skolen og lager lattermilde spor i den nye snøen.

Det er ikke bare de som lager spor.

Alle mennesker lager spor.

Sannsynligvis flere enn vi tror.

Tankene våre, ordene våre, handlingene våre lager spor.

På kontorveggen min henger nå et spor etter forgjengeren min.

Et vakkert maleri som Åge malte da Knarvik kyrkje fortsatt var en drøm.

Spor etter verket «Visst skal våren komme».

Nå er både kirke og maleri på rett plass.

Nye spor skal lages.

Spor som viser oss veien til det hellige.



DEN NORSKE KYRKJA

**Kyrkjekontakten:**

**Knarvik kyrkjekontor**

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

**Opningstid:**

Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

**Tlf.:** 400 01 691

alle kvar dagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø

post.knarvik@kyrkja.no

[www.kyrkja.no/knarvik](http://www.kyrkja.no/knarvik)

**Facebooksider:**

Knarvik kyrkje

Seim kyrkje

Lygra kyrkje

**Kontonummer:** 3633 67 39882

**Vipps:** Nytt VIPPS-nummer:  
56789 vel «Kyrkjekontakten» i menyen.

**Alver kyrkjelege fellesråd**

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

[www.kyrkja.no/alver](http://www.kyrkja.no/alver)

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace

jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellesrådet:** Sølvi Knudsen

**Soknerådsleiar:**

Hildur Løkken Lillestøl

**Kyrkjekontakten**

**Utgjevar:** Knarvik sokn, i samarbeid med Meland sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Berit Nøst Dale

**Lokal redaksjon:** Arthur Kleiveland, Håkon Glatved-Prahl, Synnøve Bjørndal

**Grafisk design:** Simen Søvik  
**Trykk:** Aksell

**Framsidebilete:** Seim kyrkje.  
Foto: Håkon Glatved-Prahl.



**Helge Taranrød**  
Prost  
ht759@kirken.no



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjeverje  
jw734@kyrkja.no



**Cathrine Grutle**  
Sokneprest  
cg836@kirken.no



**Tone Marit Øvreteit Dyrkolbotn**  
Spesialprest  
td663@kyrkja.no



**Magne Bjørndal**  
Seniorprest  
mb578@kyrkja.no



**Synnøve Bjørndal**  
Dagleg leiar  
sb876@kyrkja.no



**Odd Leif Mjøs**  
Kantor  
om623@kyrkja.no



**Nina Jenny Tresvik Monstad**  
Kateket  
nm853@kyrkja.no



**Bente Cathrine Sørheim Vetvik**  
Vikar for kyrkjelydspedagog  
bv648@kyrkja.no



**Bjørn Furukawa**  
Kyrkjetenar  
bf982@kyrkja.no



# GUDSTENESTEKALENDER

## Knarvik

### **30. mars**

3. sundag i fastetida  
Kl. 19 v/ Cathrine Grutle.  
Kveldsgudsteneste.  
Nattverd.

### **6. april**

4. sundag i fastetida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd. Søndagsskule.

### **13. april**

Palmesundag  
Kl. 11 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Familiegudsteneste. Dåp.

### **20. april**

Påskedag  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle.  
Høgtidsgudsteneste. Dåp.  
Nattverd.

### **27. april**

2. sundag i påsketida  
Kl. 19 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Kveldsgudsteneste.  
Nattverd. Knarvik Gospel  
deltek.

### **4. mai**

3. sundag i påsketida  
Kl. 10, 11:45 og 13:30 v/ Tone  
Marit Øvretveit Dyrkolbotn.  
Konfirmasjonsgudsteneste.

### **11. mai**

4. sundag i påsketida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd. Søndagsskule.

### **17. mai**

Kl. 10:15 v/ Cathrine Grutle.

### **1. juni**

Sundag før pinse  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd.

### **15. juni**

Treeiningssundag  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.  
Nattverd.

## Alversund

### **17. april**

Skjærtorsdag  
Kl. 19 v/ Cathrine Grutle.  
Kveldsgudsteneste.  
Nattverd.

### **27. april**

2. sundag i påsketida  
Kl. 11 v/ Helge Taranrød. Dåp.

### **17. mai**

Kl. 10:30 v/ Magne Bjørndal.

### **24. mai**

Laurdag  
Kl. 10, 11:45 og 13:30 v/ Tone  
Marit Øvretveit Dyrkolbotn.  
Konfirmasjonsgudsteneste.

### **25. mai**

6. sundag i påsketida  
Kl. 10 og 11:45 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Konfirmasjonsgudsteneste.

### **26. mai**

Måndag  
Kl. 18 v/ Hans Kenneth  
Sundsøy. Gudsteneste  
i samband med  
Alversunddagane.

## Seim

### **18. april**

Langfredag  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle.  
Langfredagsgudsteneste.

### **11. mai**

4. sundag i påsketida  
Kl. 10 og 11:45 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Konfirmasjonsgudsteneste.

### **17. mai**

Kl. 11:30 v/ Cathrine Grutle.

## Lygra

### **11. mai**

4. sundag i påsketida  
Kl. 13:30 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Konfirmasjonsgudsteneste.

### **17. mai**

Kl. 12 v/ Magne Bjørndal.

### **8. juni**

Pinsedag  
Kl. 11 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn.  
Storfamiliegudsteneste. Dåp.  
Pinsefest etter gudstenesta.

### KVARDAGSGUDSTENESTER i Alversund

Måndagar kl. 14. Kyrkjekaffi. Tur – «Kyrkjegang»  
kl. 12:30.

21. april v/ Øystein Skauge i Alversund kyrkje.  
12. mai v/ Rune Minde i Alversund kyrkjelydhus.